



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 36

(2002–2003)

Noregs deltaking i Europarådet i 2002

Innhald

1	Europarådet i eit Europa i endring	5	Vedlegg		
2	Det politiske samarbeidet	7	1	Det mellomstatlege arbeidet	16
2.1	Europarådet – snart ein alleuropeisk organisasjon	7	1	Menneskerettar og likestilling	16
2.2	Det 110. og det 111. ministerkomitémøtet	8	2	Juridisk samarbeid	17
2.3	Utviklinga i medlemslanda og søkjarlanda	8	3	Sosiale spørsmål	18
2.4	Europarådets arbeid mot internasjonal terrorisme	10	4	Arbeids- og innvandringsspørsmål	20
2.5	Samarbeidet med andre organisasjonar ...	10	5	Born og ungdom	21
2.6	Europarådets budsjett	10	6	Kultur, media og idrett	22
3	Menneskerettar og demokratibygging	12	7	Utdanning	24
3.1	Den europeiske menneskerettskonvensjonen	12	8	Kulturminneforvaltning og naturforvaltning	25
3.2	Den europeiske menneskerettsdomstolen	12	9	Regionalt og kommunalt samarbeid	26
3.3	Den reviderte europeiske sosialpakta	13	10	Dyrevern	26
3.4	Europarådets kommissær for menneskerettar	14	2	Konvensjonar, avtalar, tilrådingar og resolusjonar	27
3.5	Vern av nasjonale minoritetar	14	3	Medlemsland i Europarådet i 2002 ...	32
3.6	Veneziakommisjonen	14	4	Forkortingar av ekspert- og styringsgrupper der Noreg deltek	33
3.7	Den europeiske torturkomitéen (CPT) ...	15			



St.meld. nr. 36

(2002–2003)

Noregs deltaking i Europarådet i 2002

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 23. mai 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Europarådet i eit Europa i endring

Etter omveltingane i Europa ved slutten på den kalde krigen har Europarådet stått sentralt i arbeidet med å byggje ned dei politiske skilja og gjere heile det europeiske kontinentet til eit område der dei tradisjonelle europeiske grunnverdiane innan menneskerettar, demokrati og rettsstatprinsipp blir respekterte. I denne perioden er talet på medlemsland meir enn dobla. Serbia og Montenegro ventar å bli teken opp som nytt medlem i løpet av 2003. Deretter vil det berre vere Monaco og Kviterrussland som står utanfor, sistnemnde fordi landet førebels ikkje fyller vilkåra for medlemskap. Utviklinga av Europarådet til ein alleuropeisk organisasjon basert på felles verdiar er såleis nesten fullført.

Samtidig vil organisasjonen møte nye utfordringar når EU frå 2004 vert utvida med ti nye medlemsland. Eit tjuetals europeiske land kjem likevel ikkje til å vere EU-medlemmer så langt fram som vi kan sjå i dag, og Europarådet vil stå sentralt i arbeidet med å unngå at det vert skapt nye skiljeliner i Europa. Den ustabile situasjonen på Balkan og i fleire av landa og områda i det tidlegare Sovjetunionen (Moldova, Armenia, Aserbajdsjan, Georgia og den russiske delrepublikken Tsjetsjenia) illu-

strerer at dei utfordringane som låg til grunn for opprettinga av Europarådet, framleis er høgst aktuelle. Mange av desse landa vart tekne opp som medlemmer i organisasjonen av politiske grunnar, utan at dei formelle krava til medlemskap var oppfylte. Dei treng framleis hjelp og oppfølging for å bli i stand til å oppfylle dei pliktene dei har teke på seg som medlemmer. Dette er ei stor utfordring for organisasjonen. Det vil difor vere ei prioritert oppgåve dei næraste åra å konsolidere organisasjonen si rolle når det gjeld menneskerettar, demokratisering og rettsstatsutvikling, ikkje minst i desse landa.

Den føreståande EU-utvidinga vil stille store krav til rollefordelinga mellom det utvida EU og Europarådet. Det er viktig å unngå to konkurrerande menneskerettsstandardar i Europa. EU har eit eige charter for grunnleggjande rettar. EU-konventet, som er i ferd med å greie ut den konstitusjonelle framtida til EU, vurderer status for chartret og tilhøvet mellom dette og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), som er grunnlaget for Den europeiske menneskerettstolen. Eit tiltak for å unngå ei todeling av standardane i Europa vil kunne vere at EU sluttar

seg til EMK. Konventet vurderer ei slik løysing. Den europeiske menneskerettsdomstolen er sjølv berebjelken i forvaltninga av menneskerettane i Europa. Difor vil dette spørsmålet stå sentralt i vurderinga av den framtidige rolla til Europarådet i høve til EU.

Europarådet opplever i dag aukande avstand mellom krava som vert stilte til organisasjonen og ressursane som medlemslanda stiller til rådvelde. Dette gjeld særleg for Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD), sjølv berebjelken i Europarådets apparat til vern om menneskerettar, demokratibygging og rettsstatsutvikling. Domstolen greier i dag berre å behandle ein tredel av sakene som kjem inn. Bunken av ubehandla saker berre veks, noko som truar heile institusjonen. Effektive tiltak må setjast i verk. Ei betring i menneskeretts-situasjonen i landa kan gjere sitt til at brot på konvensjonen ikkje oppstår eller at dei blir retta opp på nasjonalt plan, noko som vil gje domstolen færre saker å arbeide med. Europarådet sitt arbeid med opplæringsprogram og annan bistand til dei nye medlemslanda må styrkjast. Utviklinga det siste året har likevel stadfest at det kan bli nødvendig å endre sjølv konvensjonen for å sikre at domstolen kan fungere. Desse endringane kan komme til å innebære ei svekking av den individuelle klageretten. I tillegg må ein sjå på korleis domstolen kan effektivisere saksbehandlinga, og statane må sjølv syte for ei effektiv gjennomføring av dommane.

I nittiåra vart det halde to toppmøte mellom stats- og regjeringssjefane i Europarådet, i Wien i 1993 og i Strasbourg i 1997. Førebuingane til eit tredje toppmøte er i gang, og hovudtemaet her vil truleg vere Europarådet sin plass i det nye Europa. Tid og stad for dette møtet er enno ikkje fastsett, men både Polen og Romania har bydd seg til å vere vertskap. Sidan Noreg skal ha formannskapet i ministerkomitéen i 2004, vil Noreg komme til å spele ei sentral rolle i førebuingane til eit slikt møte.

For Noreg som eit land utanfor EU blir det viktig å sikre Europarådet sin plass i den samla europeiske arkitekturen. Såleis vil det vere å føretrekkje at EU knyter seg til det rammeverket som alt finst i Europarådet. Dette er viktig, ikkje berre for Noreg, men òg for dei ressursvake landa i Europarådet. Desse må vente lenge før dei kan bli

EU-medlemmer, samtidig som dei meir enn nokon treng eit rammeverk for menneskerettar og demokratisering. Europarådet vil i mange år framover vere bindeleddet mellom medlemsland og ikkje-medlemsland i EU.

Europarådets eineståande faglege kompetanse og rolle i det langsiktige arbeidet med å utvikle og forvalte eit rettsleg bindande avtaleverk på dei arbeidsområda organisasjonen dekkjer, er den viktigaste fordelten Europarådet har framfor andre internasjonale organisasjonar. Det vil vere i norsk interesse at Europarådet og OSSE samarbeider i størst mogeleg grad. Begge organisasjonane arbeider med demokratibygging og rettsstatsutvikling, og verksemda er i enkelte tilfelle overlappende. OSSE har eit relativt lite sekretariat og er alltid avhengig av ein aktiv formannskap. Organisasjonen har sin styrke i operativt feltnærver. Europarådet har på si side eit stort og fagleg svært kompetent sekretariat som tek seg av forvaltninga av dei meir enn 180 avtalane som gjeld på arbeidsområda til organisasjonen. Europarådet har sin styrke i rolla som garantist for eit felles rettsleg grunnlag på desse områda og som forvaltar av kontroll- og oppfølgingsfunksjonane. Her ligg grunnlaget for vidare samarbeid og dialog mellom Europarådet og dei andre europeiske organisasjonane i åra framover.

Noreg går ei utfordrande tid i møte i europarådssamanheng. Frå november 2002 til november 2005 er Noreg med i Byrådet, gruppa av seks land som leier Europarådet. Når vi i mai 2004 tek over formannskapet i ministerkomitéen for eit halvt år, skjer dette i ei tid med store forandringar i europeiske samarbeidsstrukturar og interne utfordringar i Europarådet. Noreg har starta førebuingane til formannskapet. Europarådet si rolle som samlingsstad og arena for samarbeid mellom alle land i Europa vil vere hovudperspektivet for Noreg i arbeidet med formannskapet. Saman med ungdomsrelaterte tema vil tilhøvet til andre internasjonale organisasjonar og arbeid med problema ved Den europeiske menneskerettsdomstolen vere prioriterte saksområde frå norsk side. I 2003 vil vi arbeide vidare med førebuingane til formannskapet, også i samarbeid med føregåande og etterfølgjande formannskapsland, høvesvis Nederland og Polen.

2 Det politiske samarbeidet

2.1 Europarådet – snart ein alleuropeisk organisasjon

Europarådet har i dag 44 medlemsland. Land som ikkje er medlemmer er Serbia og Montenegro (Jugoslavia), Monaco, Kviterussland og Vatikanet. Søknader om medlemskap frå Serbia og Montenegro og Monaco er under behandling. Vatikanet er observatør. Behandlinga av søknaden frå Kviterussland er suspendert på grunn av dei innanrikspolitiske tilhøva i landet. Bosnia-Hercegovina vart medlem i april 2002. Dei grunnleggjande vilkåra for medlemskap i Europarådet er eit fungerande demokratisk styresett med frie val, respekt for rettsstatsprinsippa og vern om menneskerettane, medrekna minoritetsvern. Ei av hovudutfordringane for organisasjonen er at mange av desse landa enno har eit godt stykke igjen før vilkåra er oppfylte.

Dei politiske hovudorgana i Europarådet er ministerkomitéen og parlamentarikarforsamlinga. Ministerkomitéen består av utanriksministrane i medlemslanda og møter to gonger i året. Ei omlegging til årlege i staden for halvårlege møte er under vurdering. Noreg er positiv til ei slik reform då det har vore dårleg deltaking på politisk nivå frå hovudstadene. Eit forsøk på å dreie møta i retning av meir politisk debatt er ønskjeleg også sett frå norsk side. Mellom møta i ministerkomitéen har komitéen av faste representantar fullmakt til å gjere vedtak på vegner av Europarådet. I komitéen av faste representantar, som normalt møter ein gong i veka, sit dei faste representantane (ambassadørane) for medlemslanda i Strasbourg.

Parlamentarikarforsamlinga er samansett av representantar for nasjonalforsamlingane i medlemslanda og har ein rådgjevande funksjon i høve til ministerkomitéen. Forsamlinga har fire sesjonar i året, kvar på ei veke. Den norske delegasjonen til parlamentarikarforsamlinga omfattar ti stortingsrepresentantar – fem medlemmer og fem varamedlemmer. Konflikten i Tsjetsjenia stod også i 2002 sentralt i arbeidet til parlamentarikarane. Forsamlinga har jamleg utarbeidd rapportar om den politiske situasjonen i Tsjetsjenia, og har i 2002 retta skarp kritikk mot måten russiske styresmakter har

handtert konflikten på og mot framferda til dei russiske styrkane i Tsjetsjenia. Medlemskapssøknaden frå det tidlegare Jugoslavia har òg stått sentralt i arbeidet i parlamentarikarforsamlinga.

Den europeiske menneskerettsdomstolen er Europarådets hovudorgan for å sjå til at medlemslanda etterlever Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), som tok til å gjelde i 1953. I domstolen sit ein dommar frå kvart av medlemslanda. Som nemnt i innleiinga er situasjonen i domstolen kritisk då mengda av saker som kjem inn er langt større enn domstolen har kapasitet til. Reformarbeidet i domstolen er i gang, og ein rapport om dette vil bli lagd fram på ministerkomitémøtet i mai 2003.

Eit anna sentralt europarådsorgan er Kongressen for lokale og regionale styresmakter, som møtest ein gong i året og som består av representantar for kommunale og regionale styresmakter i medlemslanda. Kongressen arbeider for å fremje samarbeidsprosjekt på lokalt og regionalt nivå, med særleg vekt på oppbygging av lokale styresmakter i dei nye medlemslanda. Frå Noreg deltek representantar frå Kommunenes Sentralforbund. Politisk leiar i KS, Halvdan Skard, leier den eine av dei to avdelingane i kongressen (lokale styresmakter). Ei av hovudsakene i 2002 har vore konsekvensane av visumplikt for borgarane i Kalinigrad når nabolanda blir ein del av Schengenområdet.

Europarådets utviklingsbank (CEB)¹ er ei vidareføring av det tidlegare europeiske sosialfondet. Banken har 35 medlemsland og gjev lån til prosjekt innan flyktning- og asylspørsmål, utvikling av små og mellomstore bedrifter, utbygging av helse- og sosialsektoren og støtte til offer for miljøkatastrofar. Banken prioriterer dei nye medlemslanda i Sentral- og Aust-Europa. Kapitalen i banken vart i 2001 utvida med 1,85 milliardar euro. Noreg skaut inn 21,2 millionar euro i denne utvidinga.

Utviklinga i Europarådet går i retning av ein fullt ut alleuropeisk organisasjon. Dette er ei utvikling vi støttar frå norsk side, samtidig som vi er opptekne av å verne om Europarådets eigenart og verdigrunnlag. Europarådet er aktivt på politikkområde som er sentrale for medlemslanda. Ei

hovudoppgåve i åra som kjem, også under den norske formannskapet i 2004, vil vere å vidareføre arbeidet i Europarådet på ein meningsfull måte, samtidig som rolla til organisasjonen må bli klart definert, ikkje minst i høve til det utvida EU.

2.2 Det 110. og det 111. ministerkomitémøtet

Det 110. ministerkomitémøtet vart avvikla i Vilnius 2.-3. mai 2002, der Luxembourg overtok formannskapet for det neste halvåret etter Litauen. Ministrane diskuterte felles tiltak mot terrorisme, regionalt samarbeid i Europa og eit eventuelt tredje toppmøte. På møtet vedtok ministrane ein konvensjon om kontakt mellom born og pårørande. Denne er ikkje underteikna av Noreg då konvensjonen ikkje er i samsvar med norsk politikk på området. Noreg meiner at det vert fokusert for mykje på dei vaksne og for lite på borna i dette spørsmålet.

Det 111. ministerkomitémøtet vart halde i Strasbourg 6.-7. november 2002, der Malta tok over formannskapet. Hovudtema for møtet var effektiviseringsbehovet ved menneskerettsdomstolen, kampen mot internasjonal terrorisme, eit eventuelt tredje toppmøte og medlemskapssøknaden frå Jugoslavia. Ministrane oppmoda Europarådet om å arbeide med konkrete tiltak for ei domstolsreform slik at substansielle vedtak kan gjerast på det neste ministerkomitémøtet i mai 2003. Noreg gav i sitt innlegg under møtet klart uttrykk for at ein også måtte vurdere radikale tiltak for å betre situasjonen ved domstolen.

På dei to ministerkomitémøta i 2002 var den politiske deltakinga låg. Dette er dessverre ein vedvarande trend. Det vert diskutert om ein skal redusere møtefrekvensen til eitt møte per år og samtidig gjere møta meir politisk interessante. Skil Europarådet kunne oppretthalde sin posisjon i høve til andre organisasjonar, er dette spørsmål som medlemslanda må gjere noko med.

2.3 Utviklinga i medlemslanda og søkjarlanda

Som i 2001 har Europarådet i 2002 hatt situasjonen i Tsjetsjenia kontinuerleg på dagsordenen. Ved utgangen av 2002 var det framleis grunn til djup uro over forholda i utbrytarrepublikken. Ministerkomitéen har dessutan følgd nøye med på den bekym-

ringsfulle utviklinga i Armenia og Aserbajdsjan etter at landa vart medlemmer av Europarådet i januar 2001. Utviklinga på Balkan har også stått sentralt i arbeidet i komitéen av faste representantar, og Europarådet sende valobservatørar til Bosnia-Hercegovina og til Kosovo under vala i fjor. Bosnia-Hercegovina vart teke opp som medlem i Europarådet i april 2002. Jugoslavia (Serbia og Montenegro) oppfylte ikkje vilkåra for medlemskap i 2002.

I tillegg til den vedvarande debatten om aktuelle politiske spørsmål i medlemslanda har ministerkomitéen etablert ein meir systematisk kontrollmekanisme for å sjå til at medlemslanda oppfyller pliktene sine innanfor kjerneområda til Europarådet. På grunnlag av innspel frå medlemslanda utarbeider generalsekretæren rapportar om medlemslanda på spesifikke felt innanfor kjerneområda. På grunnlag av rapportane vert situasjonen vurdert på lukka møte i komitéen av faste representantar. Konklusjonane frå desse møta gjev viktige retningslinjer for bistandsprogramma til Europarådet. Mange land, deriblant Noreg, er misnøgde med overvakingmekanismen. På grunn av likebehandlingsprinsippet medfører denne etter norsk syn ei sløsing med ressursar ved at overvakingstiltak vert sette i verk mot alle land og ikkje berre der behova synest størst. Vidare blir det som kjem fram om resultatane av overvakinga under gjennomgangen i ministerkomitéen ofte ikkje tydeleg og sterkt nok poengtert overfor det aktuelle landet.

Kaukasus

Armenia og Aserbajdsjan vart begge tekne opp som medlemmer i Europarådet i januar 2001. Venezia-kommisjonen er engasjert i begge landa og hjelper til i reformprosessen. Komitéen av faste representantar har sett ned ei eiga overvakinggruppe som har fått i oppgåve å sjå til at landa oppfyller dei pliktene Europarådet pålegg medlemslanda. Europarådet har oppretta eigne rådgjevingsskontor i Jerevan og Baku.

Trass i at landa forplikta seg til å arbeide aktivt for ei løysing på den langvarige konflikten i Nagorno-Karabakh, er partane ikkje komne nærare ei løysing.

Konflikten i Tsjetsjenia har også i 2002 vore følgd med stor merksemd og uro i Europarådet, og dei ulike organa i rådet har hatt ein kontinuerleg dialog med russiske styresmakter om situasjonen. Europarådet har sidan våren 2000 hatt tre ekspertar ved kontoret til president Putins representant for menneskerettar i Tsjetsjenia, Abdul-Khalkim Sultygov. Ministerkomitéen får regelmessige

¹ Informasjon om Europarådets utviklingsbank (CEB) er å finne på Internett: www.coebank.org

rapportar frå kontoret, og Sultygov har vore til stades ved eit møte i komiteén av faste representantar, der han orienterte om arbeidet ved kontoret og situasjonen i delrepublikken. Parlamentarikarforsamlinga har arbeidd vidare med å finne ei politisk løysing på konflikten i Tsjetsjenia, og konflikten har vore drøfta på alle sesjonar i 2002. Arbeidsgruppa i parlamentarikarforsamlinga, med representantar frå parlamentarikarforsamlinga og representantar frå den russiske Statsdumaen, hadde fleire møte i 2002 og besøkte også Tsjetsjenia, der ein hadde møte med lokale styresmakter. Gruppa har til mandat å medverke til å finne ei politisk løysing på konflikten, fremje menneskerettane i regionen og bidra til å betre den humanitære situasjonen.

Europarådet har fått ei viktigare rolle i Tsjetsjenia etter at mandatet for OSSE-nærværet tok slutt ved utgangen av 2002. Det ser ikkje ut til at dette blir fornya med det første. Europarådet er dermed den einaste internasjonale organisasjonen som har eit nærvær i republikken. Dette legg eit stort ansvar på Europarådet og er eit synleg teikn på at Europarådet framleis har ei politisk rolle. I mars 2003 skal det haldast folkerøysting om ny grunnlov for Tsjetsjenia.

Balkan

Europarådet har også i 2002 lagt ned eit stort arbeid i prosessen med å stabilisere dei politiske tilhøva på Balkan. Mykje av dette arbeidet har skjedd innanfor ramma av Stabilitetspakta for Sør-aust-Europa, men Europarådet har også gjennomført egne program i regionen. Europarådet har etablert egne kontor, som er samlokaliserte med feltkontora til OSSE i Beograd, Pristina, Sarajevo, Mostar, Podgorica, Skopje og Tirana. Den vanskelege situasjonen i delar av Kaukasus og Europarådets omfattande engasjement der sette arbeidet på Balkan litt i skuggen i 2002, men det vil framleis vere ei stor utfordring å skape stabile forhold på Balkan. Assistanse innan politiarbeid og arbeid knytt til utviklinga av rettsstaten står som store og viktige oppgåver. Europarådet har eit særleg ansvar på det sistnemnde feltet.

Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet vedtok i 2002 å støtte medlemskapssøknaden frå Jugoslavia på den føresetnad at unionsavtalen mellom Serbia og Montenegro vart ferdigforhandla og vedteken. I tillegg stilte ministerkomiteén krav om eit meir aktivt samarbeid med Den internasjonale straffedomstolen for Jugoslavia. Noreg støtta desse krava fullt ut. Det er venta at Jugoslavia (no Serbia og Montenegro) vert medlem i Europarådet

i løpet av 2003. Frå norsk side legg vi stor vekt på dette. Europarådet oppretta eige kontor i Beograd i januar 2001.

Europarådet har vore til stades i Kosovo sidan krigshandlingane tok slutt, i samsvar med trygingsrådsresolusjon 1244 om Kosovo. Sidan august 1999 har Europarådet hatt eige kontor i Pristina. I samarbeid med mellom anna FN's sendelag i Kosovo (UNMIK) og OSSE har Europarådet vore engasjert i prosjekt under stabilitetspakta knytte til utviklinga av lovgjeving, omstrukturering av rettsvesenet, trening av politistyrkar, utvikling av lokale styresmakter, utvikling av utdanningssystemet, vern av minoritetar, utarbeiding av vallov og folkeregistrering. Europarådet var sterkt involvert i prosessen før og under lokalvala hausten 2002.

I Bosnia-Hercegovina har Europarådet arbeidd for å få gjennomført dei sivile sidene av Dayton-avtalen. Målsetjinga har vore å hjelpe landet med å oppfylle krava til medlemskap i Europarådet. Organisasjonen yter mellom anna juridisk hjelp til reform av lovgjevinga. Det er etablert kontor i Sarajevo og Mostar. Europarådet har overoppsyn med at Den europeiske menneskerettskonvensjonen blir praktisert som nasjonal lov. Europarådet har også hatt ansvaret for opprettinga av Menneskerettskammeret for Bosnia-Hercegovina. Kammeret har kompetanse som ein domstol og dømmer i saker der enkeltindivid, frivillige organisasjonar eller ein av partane i Dayton-avtalen har klagt inn brot på menneskerettane.

Som eit resultat av gjennomføringa av nødvendige reformer og ei positiv politisk utvikling, særleg i siste halvår 2001, gav parlamentarikarforsamlinga i Europarådet klarsignal til at Bosnia-Hercegovina kunne melde seg inn i Europarådet, og landet vart medlem i april 2002.

Stabilitetspakta for Sør-aust-Europa er eit samarbeidsprogram mellom alle internasjonale organisasjonar som er engasjerte i regionen, mellom anna EU, OSSE og Europarådet, og er med dette svært viktig for Noreg, også som ramme for prosjektbistand. Pakta har som målsetjing å styrkje det politiske og økonomiske samarbeidet mellom landa i regionen og leggje til rette for integrering av landa i europeiske samarbeidsstrukturar. Det vert lagt stor vekt på å involvere dei aktuelle landa aktivt i arbeidet gjennom opprettinga av såkalla regionale bord. Europarådet konsentrerer sitt engasjement om følgjande hovudområde: utvikling av lovgjeving som er i samsvar med Den europeiske menneskerettskonvensjonen og andre sentrale europarådsinstrument, styrking av lokalt demokrati og desentralisert samarbeid, oppretting av ombodsmannsinstitusjonar, oppbygging av fleir-

kulturelle samfunn som sikrar respekt for nasjonale minoritetar, styrking av ytringsfridom og frie media, utvikling av utdanningssystem bygde på demokratiske verdiar, likestillingsspørsmål, kamp mot organisert kriminalitet og korrupsjon, fattigdomsreduksjon og berekraftig utvikling. Dagsordenen er ambisiøs, men er uttrykk for prioriteringar som er grunnleggjande for arbeidet i Europarådet. Dette er heilt i tråd med norske prioriteringar.

2.4 Europarådets arbeid mot internasjonal terrorisme

Som ei følgje av terrorhandlingane i USA 11. september 2001 tok generalsekretæren i Europarådet initiativ til ein handlingsplan med den målsetjing å få i gang interkulturell og interreligiøs dialog for å fremje toleranse og forståing mellom ulike samfunnsgrupper. Dette arbeidet vart følgt opp i 2002. Europarådet vil i første rekkje kunne medverke på dei områda der det har mest kompetanse og erfaring, som til dømes demokratiutvikling og utvikling av rettsstaten. Det er brei semje om at dette arbeidet må gå føre seg i nært samarbeid med andre organisasjonar som EU, OSSE og FN for å oppnå konkrete resultat og for å unngå dobbeltarbeid. Dette er ei sak som vi har vore opptekne av frå norsk side.

Det vart òg sett ned ei ekspertgruppe som har gått gjennom gjeldande europarådskonvensjonar med sikte på å oppdatere desse som middel i kampen mot internasjonal terrorisme. Rapporten frå gruppa vart lagd fram for ministerkomitéen på møtet i mai. Utkast til ein protokoll som oppdaterer den europeiske konvensjonen om kamp mot terrorisme frå 1977, vart lagt fram på ministerkomitémøtet i november.

2.5 Samarbeidet med andre organisasjonar

Europarådet og EU møtest to gonger i året til konsultasjonar i såkalla høgnivåmøte. På høgnivåmøta i 2002 diskuterte ein først og fremst EU-charteret for grunnleggjande borgarrettar, som Europarådet er sterkt opptekte av. Bakgrunnen for dette er uro over at eit slikt charter kan vere med på å svekkje Den europeiske menneskerettskonvensjonen dersom det får rettsleg bindande kraft. Det vil då oppstå ein situasjon med to parallelle rettslege system for vern om menneskerettane i Europa. Parlamentararforsamlinga og generalsekretæren har føre-

slått at EU formelt tiltretr som part i Den europeiske menneskerettskonvensjonen. Dette spørsmålet vert vurdert av EU-konventet.

Samarbeidet mellom OSSE og Europarådet fokuserer særleg på demokrati, menneskerettar inkludert minoritetsrettar og styrking av rettsstatsprinsippa. Det vert lagt vekt på at samarbeidet mellom dei to organisasjonane skal vere saksorientert. OSSE har sin styrke i det preventive diplomatiet og i evna til å handle raskt i felten ved hjelp av sine institusjonar og sendelag, mens Europarådet først og fremst arbeider i djupna med juridiske instrument og ekspertise for å medverke til langsiktig demokratisk utvikling. OSSE og Europarådet har hatt eit spesielt godt samarbeid i Kosovo, ikkje minst ved gjennomføringa av tryggingrådsresolusjon 1244. På politisk nivå samarbeider dei to organisasjonane mellom anna i form av høgnivåmøte.

Samarbeidet mellom Europarådet og FN fekk eit gjennombrøt i år 2000, då FN's generalsekretær Kofi Annan gjesta Strasbourg. I 2002 har samarbeidet halde fram på hovudområda til Europarådet, dvs. demokratibygging, menneskerettar og rettsstatsprinsipp. Det vert samarbeidd med fleire av særorganisasjonane i FN og i ei rekkje land, framfor alt på Balkan. Europarådet deltek kvart år på generalforsamlinga i FN i New York, og samarbeidet er oppført som eige dagsordenpunkt. Det vert kvart år fremja ein resolusjon om samarbeidet.

Europarådet har opp gjennom åra utvikla nære kontaktar med ei rekkje internasjonale ikkje-statlege organisasjonar som er aktive på Europarådet sine fagområde. Rundt 400 organisasjonar har status som samarbeidsorganisasjonar hos Europarådet. Samarbeidet med ikkje-statlege organisasjonar er særleg godt utvikla innanfor arbeidet med ungdom. Alt dette medverkar i vesentleg grad til å understreke kor viktig samarbeidet innanfor Europarådet er.

2.6 Europarådets budsjett

Europarådet har dei siste åra hatt null realvekst i sine budsjett. Storbritannia, Russland og Frankrike er av dei landa som ikkje har ønskt vekst i Europarådet sine budsjett. På grunn av den kritiske situasjonen i Den europeiske menneskerettstolen er det likevel i stor grad semje om at budsjettet for domstolen bør aukast noko for å kunne gjennomføre ein nødvendig reformprosess. Ikkje minst av denne grunn har Noreg gått inn for auka budsjett til Europarådet.

Dei fem største bidragsytarane til Europarådet – Frankrike, Italia, Storbritannia, Tyskland og

Russland – dekkjer kvar 12,8 % eller til saman 64 % av organisasjonens ordinære budsjett. Det ordinære budsjettet var i 2002 på 169 millionar euro, der Noreg stod for 2 332 470 euro eller 1,4 % av Europarådets totale budsjett. Medrekna finansie-

ring av pensjonar og delavtalar som Noreg er med i, betalte Noreg til saman 3 174 390 euro. I tillegg til denne budsjettdelen ytte Noreg støtte til ulike prosjekt i europarådsregi. Frivillige norske bidrag til Europarådet i 2002 utgjorde såleis 370 758 euro.

3 Menneskerettar og demokratibyging

3.1 Den europeiske menneskerettskonvensjonen

Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og dei 13 protokollane til denne er fundamentet for Europarådet sitt arbeid for menneskerettane. Konvensjonen vart vedteken i Roma i 1950, og er seinare utvida med protokollar. Konvensjonen omfattar dei grunnleggjande menneskerettane og har ei unik stilling i det europeiske menneskerettsvernet, særleg på grunn av den kompetansen Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) har til å treffe bindande avgjerder mot statar som er part i konvensjonen. Noreg tillegg EMK og protokollane den største vekt.

Noreg er tilslutta EMK og protokoll 1 til 11 utan atterhald. I tillegg har Noreg no underteikna protokoll 12 om eit generelt forbod mot diskriminering, og protokoll 13 som inneber ei total avskaffing av dødsstraff. EMK og dei protokollane som inneheld materielle føresegner, er inkorporert i norsk lovgjeving gjennom menneskerettslova og gjeld som norsk lov.

Vurderinga av om Noreg skulle underteikne protokoll 12, vart avslutta i 2002 med vedtak om å underteikne. Underteikninga vil finne stad i januar 2003. Protokollen set eit generelt forbod mot diskriminering som går lengre enn det opphavlege forbodet i konvensjonen, som berre gjeld diskriminering på dei områda konvensjonen regulerer. Forutan Noreg har 29 andre land underteikna protokoll 12.

Noreg underteikna saman med 29 andre land protokoll 13 under ministermøtet i Vilnius i mai 2002. Sidan er ytterlegare tre land komne til, slik at i alt 33 land no har underteikna protokollen. EMK har allereie reglar mot bruk av dødsstraff i protokoll 6, men denne avskaffar ikkje bruk av dødsstraff for brotsverk som skjer i krigstid eller når krig truar. Protokoll 13 inneber ei total avskaffing av dødsstraff.

Europarådet har også i 2002 arbeidd for at EU skal tiltre EMK og protokollane. Dette for å unngå

konflikt mellom EU-charteret om grunnleggjande rettार og EMK. Dette spørsmålet inngår i mandatat for EU-konventet. Arbeidsgruppa som vurderte spørsmålet om tilslutning til EMK, tilrådde i sin rapport i oktober 2002 at EU skulle slutte seg til. Formannen i konventet, Valéry Giscard d'Estaing, sa til Det europeiske rådet i København i desember at det var ein sterk tendens i favør av ei tilslutning.

3.2 Den europeiske menneskerettsdomstolen¹

Den europeiske menneskerettsdomstolen er det viktigaste instrumentet i Europarådets arbeid for menneskerettane. Domstolen er oppretta i medhald av EMK. Personar og organisasjonar som meiner at deira rettार etter konvensjonen er krenkte, kan rette klage om dette til domstolen. Frå november 1998 har domstolen fungert i si noverande form med 41 permanente dommarar, ein frå kvart medlemsland. Dommarar frå dei tre nyaste medlemslanda – Armenia, Aserbajdsjan og Bosnia-Hercegovina – er førebels ikkje valde. Dommarane vert valde av parlamentarikarforsamlinga for ein seksårsperiode med høve til attval.

Domstolen har fått sterkt auka effektivitet samanlikna med det tidlegare systemet med kommisjon og domstol. I 2002 fatta domstolen over 18 000 avgjerder, av desse var 844 dommar. I dommane vart det funne brot på EMK i 630 saker. Meir enn halvparten av desse var mot Italia.

Trass i auka effektivitet er domstolen ikkje i stand til å halde tritt med den stadig aukande saksmengda. I 2002 kom det inn nær 31 000 klager. Av desse vart over 28 000 registrerte og vil dermed bli behandla av domstolen. Den stadig aukande saksmengda har påført domstolen eit vesentleg kapasitetsproblem. Behandlingstida er auka frå to til tre år, i nokre tilfelle meir. På sikt vil desse problema gå ut over truverdet til domstolen, og medlemslanda er difor einige om at noko må gjerast for å betre situasjonen. Ministermøtet i november 2002 vedtok på denne bakgrunnen å arbeide vidare med å vurdere forslag til reformer i domstolssystemet.

¹ Informasjon om domstolen er å finne på Internett: www.echr-coe.int

Basert på rapporten frå ei evalueringsgruppe har Europarådets styringskomité for menneskerettar (CDDH) arbeidd med å fremje forslag til endringar i domstolssystemet. Nokre forslag inneber endringar i EMK. Komitéen vurderer både forenklingar av saksbehandlinga i domstolen og utvida høve for domstolen til å avvise saker som er uvesentlege. Vidare ser CDDH på korleis oppfølginga av dommane kan effektiviserast. Tiltak på nasjonalt nivå for å redusere talet på saker som vert prøvde for EMD, er òg noko arbeidsgruppa vurderer. Etter vedtaket på ministermøtet i november 2002 er siktemålet no at arbeidet skal resultere i konkrete forslag som kan behandlast på ministerkomitémøtet i mai 2003.

Noreg meiner at reformprosessen må vere omfattande, slik at ein får ei reell betring av situasjonen i EMD. Ein domstol som ikkje er velfungerande, er den største trusselen mot legitimiteten og framtida til domstolen. Etter norsk syn er det difor viktig at også radikale reformtiltak blir vurderte.

I 2002 har det ikkje vore sagt dom i noka sak mot Noreg. Den 27. juni 2002 vedtok EMD å avvise klaga som var reist av Oljearbeidernes fellessamslutning m.fl. om bruken av tvungen løsnemnd i samband med Nordsjøstreiken i 2000 (OFS-saka). OFS hevda at bruken av tvungen løsnemnd var i strid med EMK art. 11 (forsamlings- og (fag)foreiningsfridom). I september var det høyring i fire saker mot Noreg (mellom anna Hammernsaka og saka om fetteren til Birgitte Tengs). Alle gjeld tilhøvet mellom frifinnande dom i straffesaker og saker om erstatning.

Domstolen sa i mai 2002 for første gong dom i ei sak mot Russland. Saka gjaldt eit Tsjernobyl-offer som ikkje hadde fått utbetalt erstatning frå sosialstyresmaktene, trass i at dom om erstatning låg føre. EMD konstaterte brot på art. 6.1 (rett til domstolsbehandling). Både i denne og ein annan dom som kom i 2002, synest Russland interessert i å få til ei rask etterleving av dommane. Profilen i oppfølginga av dommane står i kontrast til den russiske reaksjonen på EMD-vedtaket om å stanse utlevering av russiske statsborgarar frå Georgia. EMD gjer dette rutinemessig i saker der det er reist spørsmål om kor vidt ein fange kan rekne med ei behandling i landet som stettar krava i EMK.

Komitéen av faste representantar har ansvaret for å sjå til at avgjerder frå domstolen vert etterlevde i medlemslanda, og har møte for å gjennomgå

oppfølginga av dommar. I dei aller fleste tilfelle set medlemslanda i verk nødvendige tiltak etter at dei har fått ein dom mot seg, men eit fåtal saker må komitéen av faste representantar forfølge aktivt. Generelt kan ein likevel slå fast at domstolen står sterkt. Også frå norsk side ser ein det som viktig å verne om domstolens posisjon i tida som kjem.

3.3 Den reviderte europeiske sosialpakta²

Noreg ratifiserte Den reviderte europeiske sosialpakta i 2001. Pakta vart vedteken i 1996 og er ein revisjon og ei vidareutvikling av Den europeiske sosialpakta av 1961. Ho inneheld reglar og rettslege standardar på områda arbeidsmarknad og arbeidsmiljø, helse- og sosiale spørsmål og trygd. Den reviderte pakta omfattar den opphavlege pakta frå 1961 (med endringar), tilleggsprotokollen frå 1988 og 7 nye artiklar.

Sosialpakta er den viktigaste sosiale konvensjonen i Europarådet. Den reviderte pakta har på fleire område teke omsyn til utviklinga og dei grunnleggjande sosiale endringane som har skjedd sidan 1961. Moderniseringa gjeld mellom anna styrking av rettane til born og ungdom, likestillingsaspekt og familien sine rettar. Dei nye artiklane inneheld mellom anna føresegner om vern av arbeidstakarar når arbeidsforhold vert avslutta og når arbeidsgjevar går konkurs, sikring mot sosial utestenging og retten til bustad.

Noreg har slutta seg til den reviderte sosialpakta ved å ratifisere dei føresegnene som alt er oppfylte i norsk lovgjeving og praksis og som ikkje krev lovendring. Den norske målsetjinga er å ratifisere også dei resterande føresegnene.

I samband med revisjonen av sosialpakta vart det ved ein tilleggsprotokoll oppretta ei klageordning der partane i arbeidslivet og andre frivillige organisasjonar kan levere klage på medlemslanda for mangelfull gjennomføring av plikter etter sosialpakta. Tilleggsprotokollen tredde i kraft i 1998. Noreg ratifiserte protokollen same året.

For Noreg vil rapporteringsplikta etter den reviderte pakta følgje same syklus som før, med frist for innsending av første rapport i juni 2003.

I 2002 behandla regjeringskomitéen rapporttrunde 16(1), som omfatta artikkel 1, 5, 6, 12, 13, 16 og 19 i sosialpakta. Rapportperioden var 1999 og 2000. Den europeiske komitéen for sosiale rettार (den uavhengige ekspertkomitéen) kritiserte i sine konklusjonar Noreg for praktiseringa av art. 6.4 (retten til å føre kollektive forhandlingar) i ei spesiell sak (OFS). Komitéen fann at bruken av

² Informasjon om den reviderte sosialpakta er å finne på Internett: www.coe.int/t/e/humanrights/esc/

tvungen lønsnemnd var i strid med sosialpakta. Frå norsk side vart det gjort greie for bruken av lønsnemnd, og det vart orientert om den dommen menneskerettsdomstolen hadde sagt i ei liknande sak der OFS var klagar. Domstolen kom fram til at ei slik avgjerd ikkje var i strid med EMK art. 11. Regjeringskomitéen vedtok på denne bakgrunnen å avvente neste avgjerd i dette spørsmålet frå ekspertkomitéen.

3.4 Europarådets kommissær for menneskerettar³

Sidan oktober 1999 har Europarådet hatt ein eigen kommissær for menneskerettar. Alvaro Gil-Robles frå Spania sit i stillinga. Menneskerettskommissæren skal medverke til å fremje kunnskap om og respekt for menneskerettar i medlemslanda. Arbeidet til kommissæren inneber besøk i medlemslanda, og rapportane gjev verdifulle innspel for å identifisere kvar problema ligg og kva tiltak som kan vere tenlege for å betre menneskerettssituasjonen. Menneskerettskommissæren har gjesta Noreg éin gong, i 2001. I 2002 var menneskerettskommissæren i Hellas, Ungarn, Romania og Kosovo. Kommissæren arbeider med dei overordna problemstillingane i landa, og ser ikkje på enkelt saker. Rapportane gjev etter norsk syn positive innspel, og stillinga representerer ein positiv tilvekst til Europarådet.

3.5 Vern av nasjonale minoritetar⁴

Europarådet gjennomfører eit omfattande arbeid for å verne nasjonale minoritetar. Sentralt i dette arbeidet står rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar, som tok til å gjelde for Noreg i juli 1999. Hovudformålet med konvensjonen er å hindre diskriminering av nasjonale minoritetar, syte for at dei oppnår reell likestilling, garantere at dei har full organisasjons- og ytringsfridom og å fremje minoritetskulturar. Rammekonvensjonen pålegg statane å sende generalsekretæren i Europarådet fullstendig informasjon om lovgjeving og andre tiltak som er gjennomførte for å setje prinsippa i rammekonvensjonen ut i livet. Noreg leverte sin første rapport til Europarådet om gjennom-

føringa av konvensjonen den 2. mars 2001. Rapporten vart behandla i den rådgjevande komitéen for rammekonvensjonen i 2002. Som ein del av vurderinga av oppfølginga i Noreg kom den rådgjevande komitéen på gjesting til Noreg og hadde møte med fagdepartementa og med representantar for nasjonale minoritetar. Rapport frå den rådgjevande komitéen vart send til Noreg for kommentarar med frist 4. februar 2003. I rapporten seier komitéen førebels at Noreg er komme langt i arbeidet med vern av nasjonale minoritetar. For Noregs del har denne prosessen vore ein nyttig gjennomgang.

I 2002 vart professor Asbjørn Eide medlem av den rådgjevande komitéen.

Det var rapporten om Estland som førte til størst debatt i 2002. Debatten dreia seg særleg om det problematiske tilhøvet til den russiske minoriteten i landet. Konklusjonen var at Estland hadde gjort mykje for å betre situasjonen for nasjonale minoritetar, men at det framleis står att viktige område. Mellom anna vart det peika på at Estlands handlingsplan for integrering av minoritetar kunne leggje meir vekt på vern av minoritetsspråk og minoritetskultur og på den sosiale dimensjonen i integreringsarbeidet.

Europarådet er også engasjert i arbeidet med minoritetsspråk. Charteret for minoritets- eller regionalspråk har til hovudformål å fremje bruken av minoritetsspråk eller språk som vert nytta i delar av eit land. Denne avtalen vert følgd opp ved at landa jamleg rapporterer om utviklinga og ved at ei ekspertgruppe kjem på besøk og utarbeider rapportar.

Også Europarådets kommissær for menneskerettar er oppteken av å verne om minoritetane sine rettar, og fokuserer mykje på dette i sitt arbeid.

Initiativet som Finland tok i 2001 om å opprette ei plattform for romafolket i europarådssamheng, er følgt opp i 2002. Etter at saka stod på dagsordenen for ministermøtet i november 2002, er det oppretta ei arbeidsgruppe som skal vurdere alle romarelaterte forslag, mellom anna forslaget om å opprette eit europeisk forum for roma.

3.6 Venezia-kommisjonen

Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving (Veneziakommisjonen) vart oppretta i 1990 etter initiativ frå den italienske regjeringa. I februar 2002 vedtok ministerkomitéen i Europarådet ein revisjon av statuttane for Venezia-kommisjonen. Alle medlemsstatar i Europarådet (44 statar pr. 31. desember 2002) er no òg medlemmer av Venezia-kommisjonen. Samtidig vart ord-

³ Informasjon om Europarådets menneskerettskommissær er å finne på Internett: www.commissioner.coe.int

⁴ Informasjon om Europarådets arbeid for nasjonale minoritetar er å finne på Internett: www.coe.int/t/e/humanrights/minorities/

ninga med å kunne slutte seg til kommisjonen som assosierte medlemmer eller observatørar fjerna. Statar som alt har etablert slik status, får likevel behalde denne. To statar hadde pr. 31. desember 2002 status som assosierte medlemmer, mens 11 statar var observatørar. Noreg har vore aktivt med frå starten. Norsk medlem er professor Jan E. Helgesen.

Kommisjonen vart oppretta for å støtte demokratiseringsprosessen i dei sentral- og austeuropeiske landa ved å gje juridisk assistanse ved utforminga av grunnlover og andre sentrale lover. Etter kvart er arbeidsområdet blitt utvida til å omfatte land utanfor Europa. Noreg har tidlegare medverka til finansieringa av samarbeidet med Sør-Afrika, og vil gjere det også i 2003.

I 2002 gav Veneziakommisjonen assistanse i lovgjevingsprosessar i mellom andre følgjande statar: Albania, Armenia, Aserbajdsjan, Bosnia-Hercegovina, Bulgaria, Georgia, Den føderale republikken Jugoslavia, Kroatia, Latvia, Liechtenstein, Luxembourg, Makedonia, Moldova, Romania, Tyrkia, Ukraina, Kirgisistan, Mexico og Sør-Afrika.

Veneziakommisjonen er til ein viss grad blitt offer for eigen suksess. Som nemnt er kommisjonen involvert i ei rekkje lovgjevingsprosessar, også utanfor Europarådets geografiske område. Dette har ført til kapasitetsproblem. Det blir ei utfordring for kommisjonen å sikre seg same truverde og status i framtida som i dag.

Kommisjonen arbeider dessutan med utgreiingar og generelle juridiske spørsmål som er viktige for utviklinga av demokratiet og rettsstaten. Eit viktig prosjekt er å organisere det praktiske samarbeidet mellom forfatningsdomstolane eller øvste instans i det vanlege domstolsapparatet hos medlemsstatane. Kommisjonen held òg fleire seminar kvart år (UNIDEM-seminar).

3.7 Den europeiske torturkomitéen (CPT)⁵

Den europeiske torturkonvensjonen etablerer eit kontrollsystem der ein undersøkingskomité, Den europeiske torturkomitéen (CPT), kan gjeste medlemslanda for å undersøkje korleis dei behandlar personar som er fråtekne fridommen. Siktemålet er å betre gjennomføringa av forbodet mot tortur og umenneskeleg og nedverdiggande behandling eller straff ved å styrkje overvakinga av medlemslanda.

CPT gjestar mellom anna fengsel, politiarrestar og psykiatriske institusjonar. Komitéen skal ha fritt tilgjenge til dei aktuelle stadene og kan ha fortrulege samtalar med dei innesperra utan vitne til stades. CPT er også i regelmessig dialog med styresmaktene i dei einskilde medlemsstatane.

Tidlegare kunne det aktuelle landet hindre komitéen i å offentleggjere sine funn. I 2002 vart det gjort vanskelegare å unngå slik offentleggjering ved at det vart innført ei grense for kor lenge resultatata kan haldast tilbake. Dette har etter norsk syn styrkt komitéen og dermed vernet om menneskerettane.

I 2002 har CPT gjefta mellom anna Danmark, Frankrike, Russland (Tsjetsjenia), Storbritannia og Tyrkia.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 23. mai 2003 om Noregs deltaking i Europarådet i 2002 blir send Stortinget.

⁵ Informasjon om CPT er å finne på Internett: www.cpt.coe.int/en/

Vedlegg 1

Det mellomstatlege arbeidet

1 Menneskerettar og likestilling

1.1 Menneskerettar

Det mellomstatlege arbeidet på menneskerettsområdet går hovudsakleg føre seg i styringskomitéen for menneskerettar (CDDH) med undergrupper.

Styringskomitéen har i 2002 i stor grad vore prega av den vanskelege situasjonen til Den europeiske menneskerettsdomstolen, som har opplevd sterk auke i talet på klager og har aukande restansar. Mykje av aktiviteten i styringsgruppa og undergruppene har vore knytt til å utarbeide forslag til tiltak som kan betre arbeidssituasjon for domstolen. Forslaga er knytte til tiltak

1. på nasjonalt nivå for å hindre at det oppstår konvensjonsbrot og for å syte for at det ligg føre effektive rettsmiddel som kan avklare om det har skjedd brot og eventuelt rette opp desse,
2. på domstolsnivå for å syte for ei meir effektiv saksbehandling og eventuelt for å avgrense tilgangen til full prøving av alle saker,
3. til ei effektiv gjennomføring av avgjerder i domstolen, særleg for å hindre at det oppstår liknande saker i framtida.

Arbeidet i CDDH har i 2002 òg vore prega av Europarådet sitt arbeid mot terrorisme. CDDH har særleg fokusert på forholdet mellom terrorhandlingar og menneskerettar, og har utarbeidd og vedteke retningslinjer for behandlinga av dette spørsmålet. Retningslinjene slår fast at statane har ei menneskerettsleg plikt til å søkje å motarbeide og hindre terrorhandlingar, men at Den europeiske menneskerettskonvensjonen òg set visse grenser for kva tiltak og metodar som kan nyttast.

Eit anna viktig punkt for CDDH i 2002 har vore forholdet til EU og om EU skulle tiltre Den europeiske menneskerettskonvensjonen. Ei undergruppe under CDDH har vurdert kva endringar som må til for at EU kan tiltre konvensjonen.

I januar 2002 vedtok ministerkomitéen ein rekkommandasjon om innsyn i offentlege dokument som var utarbeidd av ei undergruppe under CDDH. I 2002 har denne gruppa fokusert på implementeringa av rekkommandasjonen, og har mellom anna halde eit seminar om spørsmålet.

1.2 Likestilling¹

Styringskomitéen for likestilling (CDEG) har som ei sentral oppgåve å integrere likestilling i resten av verksemda til Europarådet. Europarådet har lege i framkant internasjonalt med sitt arbeid for å utvikle metodar for å integrere likestilling på alle fagområde, og har mellom anna utarbeidd sentrale dokument om korleis dette arbeidet best kan utviklast metodisk.

Eit sentralt emne for komitéen har vore arbeidet for å hindre vald mot kvinner og alle former for seksuell utnytting. Komitéen har utarbeidd eit forslag til rekkommandasjon om arbeidet med vald mot kvinner.

Makedonia var vertskap for eit ministermøte 22.-23. januar 2003. Konferansen skulle etter planen vore halden i Skopje 20.-21. juni 2002, men vart då avlyst. Temaet var «Democratisation, conflict prevention and peace building: the perspectives and roles of women». Ministrane vedtok ein resolusjon MEG-5 (2003) 4 om styrking av kvinner si rolle i fredsbyggjande arbeid. Dei vedtok òg ei erklæring som slo fast at fokus for Europarådets vidare arbeid på likestillingsområdet skal vere:

- å fremje like utsikter og rettar for kvinner og menn,
- å hindre vald mot og handel med kvinner,
- å vidareutvikle det metodiske arbeidet med å integrere likestilling i verksemda til Europarådet og medlemslanda.

Noreg sit i byrået for styringskomitéen ut 2004.

¹ Informasjon om Europarådets likestillingsarbeid er å finne på Internett: www.humanrights.coe.int/Equality

2 Juridisk samarbeid

2.1 Sivilrettsleg samarbeid

Styringsgruppa for sivilrettsleg samarbeid (CDCJ) dekkjer eit variert spekter av arbeidsområde. Hovudvekta ligg på rettspleie med informasjonsteknologi (CJ-EJ og CJ-IT), forvaltningsrett (CJ-DA), statsborgarskap (CJ-NA), personvern (CJ-PD) og familierett (CJ-FA), med særskilde ekspertgrupper på desse områda. Noreg har i 2002 møtt i styringskomitéen og vore representert i byrået for denne, og likeins i alle ekspertgruppene.

Arbeidet i CDCJ i 2002 har vore prega av ein overgang frå to til eitt møte i året (27.-31. mai) som følgje av den vanskelege budsjettssituasjonen i Europarådet. Vidare er ekspertkomiteane for effektivitet i rettspleia (CJ-EJ) og for informasjonsteknologi og jus (CJ-IT) oppløyste. Oppgåvene på desse områda vil i framtida liggje til den europeiske kommisjonen for effektivitet i rettspleia (CEPEJ), som har tredd i funksjon i 2003 og høyrer inn under ministerkomitéen. Overgangen til eitt årleg møte har skapt behov for eit nytt opplegg for arbeidsordninga i CDCJ, og vil stille større krav til medlemsstatane sine delegasjonar til CDCJ om å gje til kjenne sine synspunkt på og innvendingar mot framlagde forslag før dei blir tekne opp til behandling i styringskomitéen.

Det er vedteke ein rekkommandasjon om meking i sivile rettssaker og ein handlingsplan om rettshjelpsordningar.

Det er ei viktig oppgåve for Europarådet å medverke til ei effektiv og rettssikker rettspleie, med særleg vekt på rettspleia i dei sentral- og austeuropeiske landa. Det vil framleis høyre inn under CDCJ å førebu nye europarådsinstrument (konvensjonar og rekkommandasjonar) om rettspleie. Det konsultative rådet av europeiske dommarar (CCJE) er eit sjølvstendig forum i regi av Europarådet der europeiske dommarar utvekslar erfaringar med sikte på å styrkje rettspleia i medlemsstatane.

Europarådet har gjennom meir enn 50 år vedteke ei lang rekkje konvensjonar, mange av dei på sivilrettens område. Til ein viss grad blir dei behova desse konvensjonane skulle dekkje, no varette av EU-regelverket og ulike andre instrument. Omfanget av konvensjonsverket og det faktum at det ikkje alltid er oppdatert, gjer det vanskeleg å halde oversikt. I lys av regjeringa sitt

arbeid for regelforenkling i norsk rett har Noreg difor teke opp spørsmålet om kor vidt ein bør gå gjennom konvensjonsverket innanfor ansvarsområdet til CDCJ med sikte på ei forenkling.

2.2 Strafferettsleg samarbeid

Styringskomitéen for strafferettslege spørsmål, kriminologi og fengselssaker (CDPC) heldt sitt årlege møte 17.-21. juni 2002. Styringskomitéen behandla mellom anna rapporten frå ei refleksjonsgruppe som har sett på det internasjonale samarbeidet på strafferettsområdet (PC-S-NS). Gruppa hadde som mandat å vurdere utviklinga av samarbeid på strafferettens område i høve til Europarådets framtidige rolle på området, innhaldet og måla for det europeiske samarbeidet, forholdet mellom ulike internasjonale forum på området og organiseringa av samarbeidet i Europa.

Noreg har i 2002 delteke i følgjande ekspertkomitear under CDPC: Ei multidisiplinær arbeidsgruppe mot terrorisme (GMT), ein ekspertkomité for ein tilleggsprotokoll til konvensjonen om IKT-kriminalitet og rasistiske og framandfiendtelege ytringar i datanettverk (PC-RX), ein ekspertkomité som overvakar gjennomføringa og praktiseringa av konvensjonar utarbeidde i regi av styringskomitéen (PC-OC), ein ekspertkomité som skal utarbeide retningslinjer for handtering av barne- og ungdomskriminalitet (PC-JU), ein ekspertkomité som skal sjå på retningslinjer for samarbeid mellom lokalsamfunnet og politiet (PC-PA) og ein ekspertkomité for vern av born mot seksuell utnytting (PC-S-ES).

Ministerkomitéen vedtok 7. november 2002 ein tilleggsprotokoll til Europarådets konvensjon om datakriminalitet som gjeld kriminalisering av rasistiske og framandfiendtelege handlingar via datasystem.

Noreg deltek i den fleirfaglege gruppa for internasjonale tiltak mot terrorisme (GMT), som vart etablert i 2001. Gruppa skal mellom anna evaluere gjeldande europarådsinstrument som kan brukast i kampen mot terrorisme. Dette skjer òg i samarbeid med PC-OC. Under CDCJ vart det i 2002 oppretta ei avgrensa ekspertgruppe for identitet og terrorisme som særleg skal avdekkje om det ligg føre rettslege eller praktiske problem knytte til identitetsdokument.

2.3 Folkerett²

Europarådets adhockomité for rådgjevarar i folkerett (CAHDI), som er eit forum for meningsutveksling om aktuelle folkerettslege emne, møtest

² Informasjon om Europarådets folkerettslege samarbeid er å finne på Internett: [www.coe.int/T/E/Legalaffairs/Legalcooperation/ Publicinternationallaw/](http://www.coe.int/T/E/Legalaffairs/Legalcooperation/Publicinternationallaw/)

to gonger i året. Komitéen utarbeider ikkje utkast til konvensjonar, men har dei siste åra utvida arbeidsfeltet sitt ved å leggje fram visse skriftlege arbeid i samarbeid med andre. I tillegg evaluerer CAHDI konvensjonar innanfor sitt ansvarsområde.

Krigsforbrytardomstolane for Rwanda og det tidlegare Jugoslavia og opprettinga av Den internasjonale straffedomstolen har vore gjennomgangstema. Det same gjeld diskusjonane om pågåande prosessar innanfor internasjonal humanitærrett.

CAHDI arbeider med mange emne som vert behandla av FNs folkerettskommisjon (ILC), og vidareutvikla i 2002 dialogen med ILC i spørsmål som til dømes juridisk immunitet for statar og dei- ra eigedom, mellom anna i lys av Europarådets pilotprosjekt om statsimmunitet. Vidare har CAHDI gått gjennom hovudpunkt i rapporten frå den 54. ILC-sesjonen i 2002.

CAHDI tok i 1998 på seg ei observatørrolle for reservasjonar til multilaterale konvensjonar, også reservasjonar til terrorisme-konvensjonar. Dette emnet er blitt eit fast dagsordenpunkt.

CAHDI tek vidare føre seg Europarådets arbeid i kampen mot terrorisme og vern om den undersjøiske kulturarven.

Noreg legg stor vekt på arbeidet i CAHDI. Utviklinga i retning av å utvide verkeområdet til komitéen, mellom anna med omsyn til meir substansielle drøftingar, har vår fulle støtte. Den aukande dialogen med FNs folkerettskommisjon er positiv.

3 Sosiale spørsmål

3.1 Sosialt samhøyr og sosialpolitikk

Den europeiske komitéen for sosialt samhøyr (CDCS) har sosialpolitikk i vid forstand som sitt arbeidsområde. Komitéen koordinerer arbeidet i ei rekkje grupper og komitear som arbeider med spørsmål knytte til trygd, eldre, omsorgstrengande, sosiale tenester, born og familiar, sysselsetjing og bustad.

Noreg ønskjer å støtte Europarådets eldrepolitiske engasjement, og har ytt delfinansiering til det multilaterale europarådsseminaret i Budapest om respekt og omsorg for eldre. Noreg deltok med ekspertar som presenterte demens og diagnostiseringsmetodar, tilrettelegging av tenester for personar med demens, rådgjeving for pårørende og opplæring av personell. Seminaret var ei oppfølging av europarådsrapporten «Improving the Quality of Life of Elderly Persons in Situations of De-

pendency» (CS-QV) og FNs «Madrid International Plan of Action on Ageing 2002.»

Ekspertkomitéen for koordineringsinstrument på trygdeområdet (CS-CR) skal vurdere tolkings-spørsmål og andre spørsmål av administrativ art i høve til Europarådet sine koordineringsinstrument på trygdeområdet (trygdekonvensjonen, dei to mellombels trygdeavtalane og forsorgs- og sjukehjelpskonvensjonen). Vidare skal komitéen på ulike måtar fremje arbeidet med ratifikasjon av desse koordineringsinstrumenta. CS-CR er mellom anna engasjert i promosjonen av Europarådets koordineringsinstrument innanfor ramma av ADACS (stabiliseringstiltaka for CES) og dei pågåande samsvarsundersøkingane («compatibility studies») i regi av Europarådet. Dette omfattar mellom anna utarbeiding av handbøker («explanatory reports») til instrumenta som er nemnde ovanfor, som vil gjere det enklare for statar som vurderer ratifikasjon å setje seg inn i krava avtalen stiller.

Europarådets 8. konferanse for ministrar med ansvar for trygd vart halden i Bratislava 22. og 23. mai 2002. Temaet var kva konsekvensar arbeidsmigrasjon har for nasjonale trygdesystem. Det vidare oppfølgingsansvaret er forankra i CS-CR.

Noreg ønskjer å styrkje menneskerettane for personar med funksjonshemmingar gjennom si deltaking i Europarådet, og arbeider for at politikk for funksjonshemma skal integrerast i alle relevante komitéar i Europarådet. Arbeidet er knytt til komitéen for rehabilitering av funksjonshemma (CD-P-RR). Noreg har delteke i ei ekspertgruppe som har levert framlegg til tiltak for funksjonshemma med omfattande hjelpebehov (P-RR-CO-LI). Sluttrapporten er bidrag til ministerkonferansen i Spania 2003 og har tittelen «Borgere, ikke pasienter: Utvikling av nye tilnærminger for å møte funksjonshemmedes behov».

Den andre europeiske konferansen for ministrar med ansvar for politikk for funksjonshemma vil bli arrangert i Malaga, Spania 7.-8. mai 2003. Tittelen er «Improving the quality of life of people with disabilities: enhancing a coherent policy for and through full participation». Noreg har delteke i arbeidet i planleggingskomitéen, Committee of Senior Officials entrusted with preparations for the Second European Conference of Ministers responsible for integration policies for people with disabilities (CONFMIN-IPH-HF).

3.2 Tilgang til sosiale rettar

Ekspertkomitéen for standardsetjingsinstrument på trygdeområdet (CS-CO) skal overvake og gjen-

nomgå medlemslanda si rapportering etter Europarådets standardsetjingsinstrument på trygdeområdet, spesielt den europeiske trygdekodeksen med protokoll. Komitéen skal her mellom anna gjennomgå merknadene og konklusjonane frå ILOs ekspertkomité til rapportane frå dei einskilde medlemslanda, og dessutan på ulike måtar fremje arbeidet med ratifikasjon av trygdekodeksen, protokollen til denne og den reviderte trygdekodeksen. Komitéen skal observere felles europeiske trendar og utviklingstrekk på trygdeområdet og utarbeide ei informasjonsoversikt om aktuelle spørsmål og god administrativ praksis til bruk for CDCS. Det vert i denne samanhengen fokusert på den framtidige berevna til trygdeordningane, og særleg på spørsmål som gjeld universell trygdedekning, privatisering og implikasjonane for alderspensjonar, likestilling og tiltak overfor pleietrengande eldre.

Som eit ledd i dialogen med overvakingsorgana for Den europeiske sosialpakta vedtok komitéen på møtet eit memorandum om forståinga av trygdeføresegnene i artikkel 12 i sosialpakta, som det vart vedteke å sende over til den europeiske komitéen for sosiale rettar (ECSR) og komitéen av regjeringsrepresentantar (CGR).

3.3 Europarådets helsekomité (CDSP)

Deltakarar frå Noreg har vore seniorrådgjevar dr.med. Jens R. Eskerud frå Helsedepartementet og seniorrådgjevar dr. Per Wium frå Sosial- og helsedirektoratet. Helsekomitéen har sitt fokus på menneskerettar og etiske spørsmål i helsetenesta.

Det er eit godt samarbeid mellom dei nordiske landa i komitéen, mellom anna ved at det jamleg vert halde nordiske formøte. Finland har representert Norden i arbeidsutvalet (Bureau), og har med norsk støtte ivra for å endre sosialpakta med meir omfattande føresegner på området førebyggjande helsearbeid. Samarbeidet mellom EU, WHO og Europarådet på helseområdet er prega av aukande forståing for at dobbelarbeid må unngåast, ikkje minst når det gjeld kvalitetssikring av blodprodukt og legemiddelbruk.

Sekretariatet for helsekomitéen vart endra i 2002 gjennom samanslåing med sekretariatet for delavtalen (CD-P-SP). Styringsgruppa for delavtalen har med norsk tilslutnad teke initiativ til ein prosess med sikte på ei betre integrering av arbeidet i dei to komitéane. Det er mange grunnar til å vurdere om det er tenleg å ha ein avtale for helsekomitéen og ein eigen delavtale i tillegg, der ikkje alle medlemslanda er med.

Av viktige saker når det gjeld individet og hel-

setenesta, er helsekomitéen ferdig med ein rekommendasjon om lindrande behandling for alvorlig sjuke og døyande. Arbeidet med revisjon av artikkel 11 i sosialpakta om helsetenesta er så vidt i gang, men er komme kortare enn tenkt. Helsekomitéen har hatt to ekspertgrupper om høvesvis media og helse og om pasienten og bruk av Internett. I den siste har Deede Gammon, Telemedisinsk senter, Tromsø, gjort ein stor innsats. Elles er det europeiske nettverket for helsefremjande tiltak og opplysning eit godt eksempel på samarbeid mellom EU, WHO og Europarådet. Programmet har 10-årsjubileum og har auka frå fire medlemsland første året til 41 land no. Programmet (ENHPS) gjennomgår no ein omfattande revisjon for å kunne bli meir aktivt i dei austlege medlemslanda.

Helsekomitéen har lang tradisjon i å utarbeide europeiske retningslinjer for kvaliteten på blodprodukt og organiseringa av blodbankenesta. Det vert no lagt særleg vekt på å få med dei nye medlemslanda aust i Europa. Noreg tek aktivt del i dette arbeidet ved professor B.G. Solheim frå Rikshospitalet og overlege H.E. Heier frå Ullevål sykehus. Ei rettleiing i kvalitet på blodprodukt vert oppdatert årleg for å sikre kvaliteten på overføringar over heile Europa. Helsekomitéen har ein tilsvarende ekspertkomité for kvalitet på organtransplantasjonar, og ein ekspertkomité som arbeider med organiseringa av denne tenesta. Sjøflege A. Jacobsen, Rikshospitalet, deltek i sistnemnde komité. Ei anna ekspertgruppe med medlemmer frå både helsekomitéen og bioetikk-komitéen (CDBI), der mellom anna avdelingsveterinær Dag Sørensen (Rikshospitalet) har medverka, har lagt fram eit felles forslag til rekommendasjon på området xenotransplantasjon (transplantasjon av dyreorgan). Ministerkomitéen har førebels ikkje godkjent forslaget og har bede om ei vurdering av menneskerettar og sosiale aspekt før eventuell endeleg godkjenning.

Helsekomitéen har vedteke å opprette fire nye ekspertgrupper på følgjande område: helsetenester i eit multikulturelt samfunn, tryggleik og kvalitet i helsetenesta – pasientklager og førebygging av avvik, sjukehus i endring – ny vekt på primærhelsetenesta i forhold til spesialisttenester, større internasjonal mobilitet blant helsepersonell – korleis påverkar dette helsetenestene? Noreg har fått med ein ekspert i den sistnemnde gruppa: rådgjevar Hildegunn Rafdal frå Helsedepartementet.

12. og 13. juni 2003 skal Noreg vere vertsland for den 7. helseministerkonferansen i Europarådet. Tittelen er «Health, dignity and human rights», og konferansen skal haldast i Oslo. Plan-

leggingsarbeidet frå norsk side vert leidd av dei faste representantane i CDSP.

Den europeiske farmakopékommisjonen har utarbeidinga av Den europeiske farmakopéen (Ph. Eur.) som ansvarsområde. Denne inneheld bindande, felles standardar for legemiddelkvalitet og medverkar til fri flyt av legemiddel i Europa, forenkler arbeidet og sparer ressursar for styresmakter og produsentar. Noreg deltok i tolv faste og fire adhoc-ekspertgrupper under denne kommisjonen. Kontroll med forureiningar i stoff til farmasøytisk bruk har i tillegg vore eit sentralt tema. Arbeidet med internasjonal harmonisering av europeiske, amerikanske og japanske kvalitetsstandardar er ført eit godt stykke framover.

Ekspertkomitéen for farmasøytiske spørsmål (PS-S-PH) har som sentrale oppgåver informasjonsutveksling og harmonisering av regelverksutforming, særleg for dei områda som ikkje er regulerte i EU/EØS-avtalen, og spesielt apotekfarmasi. Legemiddelforsyning i sjukehus, generiske legemiddel, sal av legemiddel over Internett og feilbruk av legemiddel har vore på agendaen. Det er òg halde ein eigen konferanse om temaet feilbruk av legemiddel.

3.4 Kampen mot narkotikamisbruk

Pompidougrappa er Europarådets samarbeidsgruppe for narkotikasørsmål på ministernivå. Grappa har til formål å medverke til kampen mot narkotikaproblema med vekt på reduksjon av både tilbod og etterspørsel av narkotika. Det vert samarbeidd nært med andre regionale og internasjonale organisasjonar på narkotikaområdet. Det er planlagt ministermøte i Dublin 16.-17. oktober 2003. Ministrane skal vedta nytt arbeidsprogram for perioden 2004–2006.

Noreg ser på Pompidougrappa som eit viktig forum for informasjonsutveksling og tiltaksutvikling. Eit aktuelt spørsmål er om grappa skal oppretthaldast også etter den kommande EU-utvidinga.

3.5 Europarådets bioetikk-komité (CDBI)

I Europarådet blir bioetiske spørsmål i hovudsak behandla i CDBI. Denne styringskomitéen behandlar særleg ulike emne knytte til konvensjonen om menneskerettar og biomedisin og protokollar og rekommandasjonar til denne konvensjonen. Konvensjonen vart opna for undertekning i 1997 og er no undertekna av 31 land, deriblant Noreg.

I 2002 har mykje av verksemda i CDBI vore konsentrert om utkast til rekommandasjon om xe-

notransplantasjonar. Arbeidet med utkastet er eit samarbeidsprosjekt mellom CDBI og CDSP (sjå ovanfor). Bakgrunnen var ei tilråding frå parlamentarikarforsamlinga i 1999 til ministerkomitéen om innføring av eit moratorium for xenotransplantasjonar i medlemslanda. Dette har Noreg støtta i begge komitéane. Dei mest kontroversielle spørsmåla har vore tilgangen til klinisk forskning/behandling med xenotransplantasjon på personar som ikkje kan gje eige samtykke, bruk av enkelte celleliner og erstatningsspørsmål ved mogeleg skade som kan skuldast xenotransplantasjon.

CDBI har også starta eit arbeid med ein protokoll om biomedisinsk forskning, som er tenkt å innehalde generelle prinsipp om biomedisinsk forskning, til dømes at omsynet til enkeltmennesket skal telje meir enn omsynet til samfunnet og forskninga. Andre tema vil vere artikkelar om etikk-komitéar, vern av menneske som ikkje er i stand til å samtykkje til forskning, konfidensialitet og overvaking.

CDBI har òg drøfta kva rolle Europarådet kan ha i spørsmål om aktiv dødshjelp og assistert sjølv-mord. Noreg har argumentert for ei restriktiv line, men diskusjonen viste at det var lite rom for konsensus. Dette har ein frå norsk side sagt seg lei for.

4 Arbeids- og innvandringsspørsmål

4.1 Arbeidsspørsmål

Noreg ratifiserte Den reviderte europeiske sosialpakta 7. mai 2001. Den reviderte europeiske sosialpakta er ein revisjon og ei vidareutvikling av Den europeiske sosialpakta. Vi viser elles til St.meld. nr. 25 (2001–2002), der det er gjeve ei nærare orientering om den reviderte europeiske sosialpakta.

Medlemslanda rapporterer årleg om dei artikkane i sosialpakta som dei har ratifisert. Rapporteringssyklusen er lagd opp slik at det annakvart år vert rapportert om dei sju viktigaste artikkane. Om dei andre artikkane vert det rapportert fjerdekvart år. Rapportane blir granska av European Committee of Social Rights (ekspertkomitéen), som i ein rapport gjev si vurdering av korleis medlemslanda gjennomfører reglane i sosialpakta og om landa etter ei juridisk vurdering oppfyller artikkane i pakta. Komitérapporten blir deretter behandla av ein underkomité, Governmental Committee to the Social Charter (regjeringskomitéen). Denne komitéen er sett saman av representantar frå dei medlemslanda som har ratifisert sosialpakta.

På grunnlag av konklusjonane frå ekspertkomitéen vurderer regjeringskomitéen om han skal til-

rå rekommandasjonar mot dei medlemslanda som ekspertkomitéen meiner ikkje oppfyller reglane i sosialpakta. Ministerkomitéen tek deretter endeleg stilling til om det skal vedtakast rekommandasjonar.

I sin rapport fann ekspertkomitéen at Noreg mellom anna på bakgrunn av opplysningar i vår rapport frå august 2001 ikkje fullt ut oppfyllte artikkel 6 nr. 3 og 4 i sosialpakta (om retten til å føre kollektive forhandlingar) mellom anna på grunn av bruk av tvungen lønsnemnd mot OFS ved ein streik/lockout i Nordsjøen. Frå norsk side vart det gjort greie for bruken av lønsnemnd i denne saka. Noreg orienterte òg om dommen menneskerett-domstolen har sagt i saka der OFS klaga over den provisoriske anordninga av 1. juli 1994 med forslag om tvungen lønsnemnd. Domstolen kom fram til at ei slik avgjerd ikkje var i strid med menneskerettskonvensjonen artikkel 11. Regjeringskomitéen vedtok på denne bakgrunnen å avvente den neste avgjerda i dette spørsmålet frå ekspertkomitéen.

Noreg vart vidare kritisert for ikkje fullt ut å oppfylle artikkel 12 nr. 3 (om retten til sosial tryggleik), idet ekspertkomitéen hevda at Noreg med dei nye reglane for arbeidsløysetrygd i 1997 skjerpa regelverket. Etter det tidlegare regelverket kunne dagpengemottakarane misse arbeidsløysetrygda dersom dei nekta å ta «høveleg arbeid», medan dei etter det nye regelverket kan misse arbeidsløysetrygda om dei nektar å ta tilvist arbeid utan rimeleg grunn. Frå norsk side vart det hevda at dei nye reglane ikkje har skjerpa regelverket for dagpengetar, snarare tvert imot. Å kunne nekte å ta arbeid dersom ein har ein rimeleg grunn, tillet arbeidsformidlinga å ta stilling til forhold utanfor sjølve arbeidet, til dømes omsorg for barn og eldre og andre familieforhold. Regjeringskomitéen kritiserte Noreg, men det vart ikkje føreslått nokon rekommandasjon.

4.2 Innvandringsspørsmål

Noreg er representert i ekspertkomitéen for statsborgarskap (CJ-NA). Komitéen har utarbeidd Europeisk konvensjon om statsborgarskap, som vart ferdigstilt i 1997. Det vert no arbeidd vidare med statsborgarskapsspørsmål som ikkje er regulerte i konvensjonen. I 2002 vart utkast til rapport om vilkår for tildeling og tap av statsborgarskap ferdigstilt. Prinsipp og reglar for å unngå statsløyse i samband med statssuksjon vart undersøkte, og eit utkast til forslag til eit tilleggsinstrument på dette området vart underkasta ei førebuande granskning. Ekspertkomitéen slutførte og vedtok ei oppfatning av parlamentarikarforsamlinga sin

rekommandasjon 1544 (2001) om bustadregistreringssystemet («propiska-systemet») som vert brukt på migrantar, asylsøklarar og flyktningar i Europarådets medlemsstatar; effekt og verkemiddel. Det vart vidare utveksla synspunkt på ein tredje europeisk konferanse i 2003/2004, og tema for konferansen vart diskuterte.

Noreg er representert i CAHAR, ei adhoc-ekspertgruppe for rettslege aspekt ved territorialt asyl, flyktningar og statsløse personar. CAHAR vedtok i 2002 eit utkast til tilråding om minstandardar for forvaring av asylsøklarar («measures of detention of asylum-seekers»). Tilrådinga vart send over til ministerkomitéen i 2002. CAHAR arbeidde i 2002 med utkast til tilråding om ein felles definisjon av omgrepet «medlemskap i ei spesiell sosial gruppe» etter flyktningkonvensjonen art. 1 A. Dette arbeidet vil halde fram i 2003. Vidare vart det oppretta fleire nye arbeidsgrupper i 2002, mellom anna om vilkåra for eksklusjon frå flyktningstatus i samsvar med flyktningkonvensjonen art. 1 F, som held fram i 2003.

Arbeidet med migrasjons- og integrerings-spørsmål blir leidd av styringskomitéen for migrasjon (CDMG). I 2002 vart det arrangert ein ministerkonferanse i Helsinki under tittelen «migrants in our society: policy choices in the 21st century». Sluttklæringa inneheld ei rekkje tilrådingar til medlemslanda i Europarådet på områda integrering, etnisk likestilling og regulert innvandring.

Noreg har eitt medlem i den europeiske kommisjonen mot rasisme og intoleranse (ECRI). Komitéen fekk fornya mandat 13. juni 2002. Komitéen utarbeider generelle og landspesifikke tilrådingar om rasisme og intoleranse, og skal spreie eksempel på god praksis på feltet. ECRI vil gjeste Noreg i mai 2003.

5 Born og ungdom

5.1 Barnepolitisk samarbeid

Det barnepolitiske samarbeidet er underlagt styringskomitéen for sosialt samhoer (CDCS). For å vareta dei barne- og familiepolitiske spørsmåla, vidareførte Forum for born og familiar sitt arbeid i 2002. Forumet består mellom anna av representantar frå CDCS og andre relevante styringskomitéar i Europarådet, nasjonale ekspertar, internasjonale organisasjonar og frivillig sektor. Forumet drøfta i 2002 mellom anna tilhøvet mellom familjeliv og arbeidsliv og vald i familiar med særleg vekt på fysisk avstraffing av born. Forumet har òg utarbeidd forslag til rekommandasjon om barnehagar

(Child Day Care), som vart vedteke av ministerkomitéen i 2002 (Rec (2002) 8). Arbeidsgruppa som førebudde saka var leidd av Noreg. Forumet har to andre arbeidsgrupper – ei om born, ungdom og deltaking og ei om born med spesielle omsorgsbehov. CDCS vil i 2003 drøfte spørsmålet om behovet for eit eige europeisk barneombod. CDCS har vidare lagt opp til ein diskusjon om nytt mandat og ny rolle for forumet frå 2004, mellom anna som følgje av behovet for ei sterkare koordinering av barneaktivitetar i dei ulike komitéane og i forvaltninga.

5.2 Ungdomspolitisk samarbeid

Det ungdomspolitiske arbeidet i Europarådet vart utvikla og gjennomført i nært samarbeid mellom medlemsstatane, frivillige internasjonale ungdomsorganisasjonar, nasjonale ungdomsråd i medlemslanda og andre grupper som arbeider med ungdomsspørsmål. Denne samarbeidsforma set Europarådet i ei særstilling samanlikna med andre mellomstatlege organisasjonar som er engasjerte i ungdomspolitiske spørsmål. Samarbeidet mellom medlemslanda vart i første rekkje varteke gjennom styringskomitéen for ungdomsspørsmål (CDEJ), som omfattar alle dei 48 landa som har slutta seg til Europarådets kulturkonvensjon. Dei ikkje-statlege organisasjonane og ungdomspolitiske partnarar har ein eigen rådgjevande komité. Styringskomitéen og den rådgjevande komitéen møttest i ein felleskomité for å fastsetje hovudprioriteringane for samarbeidet på området. Det ungdomspolitiske samarbeidet har i 2002 vore konsentrert om fire hovudprioritetar: deltaking for born og ungdom i samfunnslivet, utdanning og opplæring utanfor det organiserte utdanningssystemet, menneskerettar og tiltak overfor born og ungdom i Sørøst-Europa.

Innanfor det ungdomspolitiske samarbeidet vart vesentlege ressursar forvalta gjennom dei operative organa, ungdomssentra i Strasbourg og Budapest og Det europeiske ungdomsfondet. Ungdomssentra tilbyr kursverksemd i regi av dei frivillige organisasjonane. Dessutan vart det gjennomført ein god del opplæring av leiarar og tillitsvalde på ungdomsområdet. Det er mellom anna inngått ein samarbeidsavtale med Europakommisjonen om opplæringsverksemda. Det europeiske ungdomsfondet gjev støtte til ulike aktivitetar og prosjekt på barne- og ungdomsområdet. Det er mellom anna gjeve støtte til fleire prosjekt i Sørøst-Europa.

Ungdomsministerkonferanse

Europarådet heldt den 6. fagministerkonferansen for statsrådar med ansvar for ungdomspolitik i Thessaloniki, Hellas, 7.-9. november 2002. Konferansen diskuterte ungdom i forhold til tre tema:

- Aktiv medborgarskap og deltaking i samfunnslivet
- Sosialt samhøyr og demokratisk stabilitet i Sørøst-Europa
- Tiltak mot vald i dagleglivet

44 av dei 48 landa som er tilknytte Europarådets kulturkonvensjon, deltok på konferansen. Dessutan deltok representantar frå ein ungdomskonferanse som vart halden før ministerkonferansen tok til. Leiar for den norske delegasjonen var statssekretær Odd Anders With i Barne- og familiedepartementet. Statssekretær With presenterte blant anna resultata frå den europeiske ungdomskonferansen om deltaking og medverknad i samfunnet, som vart arrangert i Porsgrunn i august 2002. I tillegg til drøftingar av ungdommen si rolle i og bidrag til dei tre temaa, vedtok konferansen ei fråsegn om Europarådet sine prioriteringar på det ungdomspolitiske området for perioden 2003–2005. Det vart vedteke å konsentrere arbeidet om følgjande område:

- Fremje av fleirkulturell dialog og fred
- Menneskerettar, menneskeverd og sosialt samhøyr
- Deltaking og demokratisk medborgarskap
- Støtte til å etablere og utvikle relevant ungdomspolitikk
- Ungdomspolitiske problemstillingar må spele ei større rolle på andre aktivitetssområde i Europarådet.

Konferansen vedtok òg ei fråsegn om situasjonen til ungdom i område prega av væpna konflikt. Ungarn inviterte til den neste ungdomsministerkonferansen i 2005.

6 Kultur, media og idrett

6.1 Kultur

Styringskomitéen for kultur og utdanning, CDCC, var eit overordna organ for fire spesialkomitear: kulturkomitéen, kulturarvskomiteen, utdanningskomitéen og komitéen for høgre utdanning og forskning. CDCC hadde ansvaret for forvaltninga av Europarådets kulturfond, og ei sentral oppgåve var å fremje forslag til prioriteringar og budsjett før

dette vart oversendt til ministerkomiteén for endeleg vedtak. 47 land har underteikna Kulturkonvensjonen og deltok dermed i CDCC.

Spørsmålet om reorganisering av CDCC og spesialkomiteéane vart diskutert over lengre tid, og 21. november 2001 vedtok ministerkomiteén å omgjere CDCC og dei fire spesialkomiteéane til fire nye styringskomitear f.o.m. 1. januar 2002: styringskomiteén for kultur, for kulturarv, for utdanning og for høgre utdanning og forskning. Ministerkomiteén vedtok også å inkorporere Europarådets kulturfond i det ordinære budsjettet for Europarådet f.o.m. 1. januar 2002. Det vart samtidig vedteke at dei tidlegare koordineringsfunksjonane til CDCC skal overtakast av generalsekretæren og generaldirektorat IV i samarbeid med rapportørgruppa for kultur under komiteén av faste representantar.

Kulturkomiteén har i 2002 gjeve høg prioritet til arbeidet med prosjektet om kulturell dialog og konfliktførebygging. I samband med dette vart det mellom anna arrangert eit ekspertkollokvium i oktober med tittelen «Dialog om interkulturell og interreligiøs kommunikasjon», som vil bli følgt opp av eit uformelt ministermøte i februar 2003 og eventuelt eit formelt ministermøte i Kroatia same haust. Ei anna viktig oppgåve i kulturkomiteén er gjennomgang av kulturpolitikken til medlemslanda. I 2002 vart kulturpolitikken til Aserbajdsjan, Bosnia-Hercegovina, Georgia og Malta gjennomgådd. Ved sida av arbeidet med kulturelt mangfald har verksemda i tilknytning til Sørøst-Europa og Kaukasusområdet framleis høg prioritet. Det første plenarmøtet i kulturkomiteén som styringskomité vart halde i oktober 2002. På plenarmøtet vart det mellom anna vedteke å opprette arbeidsgrupper for dei fire prioriterte områda slik at leiaraane for desse gruppene møter som byråets medlemmer. Byrået møttest ein gong i året ved sida av dei årlege plenarmøta i komiteén.

6.2 Media

Styringskomiteén for mediespørsmål (CDMM) behandlar internasjonale mediespørsmål. Frå og med 2001 omfattar dette ekspertgruppa for ytringsfridom og andre fundamentale rettar (MM-S-FR), ekspertgruppa for online-tenester og demokrati (MM-S-OD), ekspertgruppa for demokratiske og sosiale konsekvensar av digital kringkasting (MM-S-DB), rådgjevande panel for mediemangfald (AP-MD), rådgjevande panel for konvergens (AP-CV) og rådgjevande panel for immaterielle rettar (AP-IP). Noreg deltek i CDMM, MM-S-OD, MM-S-FR og AP-MD.

CDMM har dei siste åra i særleg grad vore opptekne av å medverke til utviklinga av ein fri og uavhengig mediesektor i Sentral- og Aust-Europa. Dette arbeidet skjer dels gjennom utarbeiding av standardar for lovverk om ytringsfridom og rammevilkåra for media i form av juridiske instrument, dels gjennom praktiske tiltak for å sikre utvikling av og opplæring i desse standardane. Desse tiltaka fell inn under Europarådets arbeid med stabilitetspakta for Sørøst-Europa. Andre viktige område for CDMM er utveksling av informasjon om dei pågåande WTO-forhandlingane om audiovisuelle tenester og å følgje den teknologiske utviklinga på medieområdet, mellom anna konsekvensane av digitalisering. CDMM arrangerte i november 2002 ein konferanse om media og terrorisme.

Ekspertgruppa for ytringsfridom og andre grunnleggjande rettar (MM-S-FR) har som mandat å vurdere avveging av ytringsfridom (EMK art. 10) mot andre fundamentale rettar som t.d. respekt for privatlivets fred (EMK art. 8) og retten til rettferdig rettargang (EMK art. 6). Etter ei utviding av mandatet i 2002 skal gruppa også utarbeide eit utkast til ein deklarasjon om ytringsfridom og terrorisme. Det er oppretta eit rådgjevande panel om media og terrorisme (AP-MT) som skal hjelpe gruppa i dette arbeidet. Gruppa skal òg føreslå mogelege tiltak med omsyn til korleis media kan medverke til auka forståing mellom folkeslag, inkludert interkulturell, interreligiøs og interetnisk dialog.

Ekspertgruppa for sosiale og demokratiske konsekvensar av digital kringkasting (MM-S-DB) drøftar mellom anna tiltak for å fremje spreininga av digitale kringkastingstenester. Gruppa skal analysere konsekvensane av den fragmenteringa av publikum som kan bli ei følgje av at kringkastingsstenester vert digitaliserte. Oppgåver, organisering og finansiering av allmennkringkastarane i ei digital framtid vert òg drøfta.

Det rådgjevande panelet for mediemangfald (AP-MD) la i desember 2002 fram «Report on media diversity in Europe». Panelet føreslår tiltak som medlemslanda bør setje i verk for å sikre pluralismen i media, og peikar på at konkurranseregulering ikkje er tilstrekkeleg for å oppnå dette.

Den faste komiteén for fjernsynssendingar over landegrensene (T-TT), som er heimla i Europarådets konvensjon av 5. mai 1989 om fjernsyn over landegrensene (ETS 132), har mellom anna drøfta jurisdiksjonsspørsmål, vern av mindreårige og behovet for endringar i fjernsynskonvensjonen på bakgrunn av nye informasjonstenester og reklameformer. På bakgrunn av drøftingar av TV-program av typen «Big Brother» m.m. vedtok

komitéen i 2002 ei fråsegn om desse programformene i relasjon til konvensjonsføresegnene om menneskeverd. Nokre endringar i konvensjonen som vart vedtekne av ministerkomitéen i 1998 i ein såkalla endringsprotokoll, tredde først i kraft 1. april 2002 etter at Frankrike hadde trekt tilbake si innvending mot iverksetjinga.

6.3 Idrett

Idrettssakene i Europarådet høyrer inn under idrettskomitéen (Committee for the Development of Sport) (CDDS). Her har Noreg delteke i følgjande styringskomitear og ekspertgrupper:

Steering Committee

KKD var representert på det årlege møtet i styringskomitéen i CDDS. Styringskomitéen behandlar budsjett og verkeområde for Europarådet på idrettsfeltet.

Monitoring Group of the Anti-doping Convention (T-DO)

I kontrollgruppa sit representantar med fagekspertise på antidopingfeltet. Dei sentrale spørsmåla i 2002 har vore knytte til World Anti-Doping Agency (WADA) og utarbeidinga av ein WADA-kodeks (WADC) for det internasjonale antidopingarbeidet. Noreg har delteke aktivt i denne prosessen. Frå norsk side har det vore viktig å understreke at dei nasjonale antidopingorgana må ha ei hovudrolle når det gjeld oppfølging/implementering av WADC. Ein har vidare diskutert den rettslege statusen til WADA og kodeksen og på kva måte styringsmaktene skal gje sin tilslutnad til WADA/WADC.

Standing Committee of the European Convention on Spectator Violence and Misbehavior at Sports Events and in particular at Football Matches (T-RV)

KKD har gjeve Politidirektoratet ansvar for å følgje opp arbeidet innanfor dette feltet.

Europeisk sportsministermøte i Warszawa 12.-13. september 2002

Sentrale tema for møtet var idrett i skulen og spørsmål om europeisk representasjon og finansiering i forhold til WADA.

I tillegg vart det under ministermøtet opna for underteikning av ein tilleggsprotokoll til Europarå-

dets antidopingkonvensjon. Noreg har underteikna konvensjonen.

7 Utdanning

Samarbeidet på utdanningsområdet går føre seg i regi av to styringskomitear:

1) styringskomitéen for utdanning (CD-ED) og 2) styringskomitéen for høgre utdanning og forskning (CD-HER). Begge desse komitéane er med verknad frå 2002 omdanna frå fagkomitear til styringskomitear i samband med ei omlegging av komitéstrukturen på kultur- og utdanningsområdet. Som ledd i denne reforma er den tidlegare styringskomitéen for kultur og utdanning (CDCC) nedlagd.

Styringskomitéen for utdanning (CD-ED) varette samarbeidet innanfor skule og opplæring, inkl. vaksenopplæring. Komitéen har i 2002 vore samla ein gong, 1.-2. oktober. På dette møtet vedtok komitéen, på grunnlag av forslag frå ei arbeidsgruppe, at det skal etablerast eit nytt toårig prosjekt om interkulturell utdanning og utfordringane skulen står overfor i møtet med eit samfunn prega av religiøst mangfald og dialog. Målet med prosjektet er å engasjere elevar i dialog bygd på gjensidig toleranse og forståing i spørsmål om religion, og å gje bakgrunn og utvikle reiskapar for utdanningssystemet. Noreg er representert i prosjektgruppa, og har i samband med dette mellom anna lagt fram norske erfaringar med KRL-faget. CD-ED vil ta desse erfaringane med i planlegginga av den 21. europeiske utdanningsministerkonferansen i regi av Europarådet som finn stad i Aten 6.-7. november 2003 med dette som tema.

Med sikte på implementering av ministerkomitéens rekommandasjon (2001) 15 om historieundervisning i det 21. hundreåret arrangerte Europarådet i samarbeid med Frankrike den 17. oktober 2002 eit internasjonalt kollokvium om holocaustundervisning. Noreg var ikkje representert på kollokviet, men har som ledd i arbeidet som vert gjort i skulen for å motverke rasisme teke initiativ til markeringa av ein eigen holocaustdag 27. januar 2003 i alle skular i landet. Markeringa av ein slik dag i Noreg og ei rekkje andre land bygger på ei erklæring frå Europarådets undervisningsministerkonferanse i Krakow i 2001. I Noreg har dagen fått eit særskilt symbolsk innhald fordi han er koplta saman med utdelinga av Benjaminprisen.

